



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarar og kommunedirektørar i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 28. mai 2024
Kl.slett: 12.00 – 18.00
Stad: Clarion Hotel the Hub

Kviteseid, 16. mai 2024

Rådsmøte tysdag 28. mai 2024

Kl. 12.00 - 13.00 Lunsj
Kl. 13.00 - 15.30 Møte i Vest-Telemarkrådet
Kl. 15.30 - 16.00 Pause
Kl. 16.00 – 18.00 Møte med telemarksbenken

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Tarjei Draugedal, regionsleiar

Anne Aasmundtveit, dagleg leiar

SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 28. mai 2024

Sak 21/2024 Referatsaker

- Referat førre møte
- Rapport om småbruksprosjektet til statsforvaltaren mars 2024

Sak 22/2024 Orienteringar

- o KS ved Dag Henrik Sandbakken, fagsjef:
Kva seier kommunelova om møte og sakshandsaming i folkevalde organ?
- o Fv 38 Dalen-Åmot – kort status ved Torunn Raftevold Rue

Sak 23/2024 Reiselivsstrategi – fase 3

Sak 24/2024 Kontrollbesøk for merkeordninga Berekraftig reisemål

Sak 25/2024 Evaluering av Vest-Telemarktinget 23. - 24. april 2024

Sak 26/2024 Møte med benken

Sak 27/2024 Eventuelt

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 19. mars 2024 kl. 09.30-13.30 i Fyresdal næringshage

Til stades:

Regionsleiar og ordførar i Kviteseid Tarjei Draugedal
Ordførar i Tokke Jarand Felland
Ordførar i Nissedal Ian Parry-Jones
Ordførar i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordførar i Vinje Jon Rikard Kleven
Varaordførar i Seljord Carina Thorvaldsen
Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen
Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter
Kommunedirektør i Seljord Beate Våge Lia
Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje
Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Representant frå Telemark fylkeskommune Martine Tinderholt Øverland
Representant frå Telemark fylkeskommune Thorleif Fluor Vikre
KS rådgjevar Karianne Resare
Dagleg leiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Torunn Raftevold Rue

Forfall:

Regionnestleiar og ordførar i Seljord Solveig Sundbø Abrahamsen

Sak 11/2024 Referatsaker

Vedtak: Referatsaker vert tatt til orientering

Sak 12/2024 Orienteringar

- 1) Orientering om spørjeundersøking Rus og utanforskap i regi av KORus. Merethe Jørgensdottir Reinskås, SLT koordinator i Tokke, presenterte resultatane frå undersøkinga. Oppsummering av undersøkinga 18-30 år. Presentasjon ligg ved.
- 2) Orientering om Hydrogenvegen AS ved Arnt Helge Hauglid, prosjektleiar. Presentasjon ligg ved.
- 3) Orientering ved Martine Tinderholt Øverland i Telemark fylkeskommune om:
 - Helsing frå Transport – og kommunikasjonskomiteen om at dei var svært nøgde med mottakinga i Telemark.
 - Telemark fylkeskommune er språknøytral, men skal ha minst 40% nynorsk.
 - Samarbeid med Distriktssenteret-håpar på at samarbeidet vil trygge positiv utvikling i distrikta.
 - Telemarkspanen- regional planstrategi. Planen skal gjera greie for dei viktigaste utviklingstrekkane i fylket og skal sette nokon regionale mål og retningar. Oppmoder regionråd og kommunar til å koma med innspel til prosessen. Framdrift: Kommunedialog torsdag 21. mars. 24. april politisk verkstad i fylkestinget. Høyring 12. juni. 20. juni innspelsmøte for kommuneleing m.fl. Høyringsfrist: 20 september.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet drøfter og kjem med innspel til Telemarksplanen i rådsmøtet 28. mai 2024.*

Sak 13/2024 Partnerskapsavtala mellom Sykehuset Telemark HF og kommunane – ei vurdering

Beate Våge Lia, kommunedirektør i Seljord kommune la fram saka. Presentasjon ligg ved. Den framlagte saksutgreiinga var skriven av samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland.

Karianne Resare opplyste om at KS og regjeringa er einige om å utarbeide ei avtale om Helsefellesskapet for å utvikle dette.

Jarand Felland stilt følgande spørsmål: Kan det vera aktuelt at kommunane i Vest-Telemark går saman om ei eiga partnerskapsavtale.

- Beate Våge Lia: Bør vera eit innspel til strategien, men tenker at ein bør vera i Telemark.
- Torleif Vikre.: Demografi, geografi og frekvens innleggingar tilseier eiga avtale for Vest-Telemark.
- Laila Thorsen: Bør vera tydelege på kvifor ein skal ha ei eiga avtale.
- Fredag er ein dårleg møtedag, dette bør bli vidareformidla.

Vedtak: *KDU Vest-Telemark får i oppdrag å vurdere eiga avtale i Helsefellesskapet for Vest-Telemark*

Sak 14/2024 Bygdevekstavgift - prosess og framdrift

Torunn Raftevold Rue la fram saka.

Innspel til fleire innbyggjarar: etterdanning bør bli nemnd i forslag til Bygdevekstavgift.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner forslag til prosess og framdriftsplan for prosjektet Bygdevekstavgift. Statusrapportering om framdrift skal leggjast fram til rådet på kvart møte.*

Administrasjonen får i oppgåve å legge ut rammeavtaler på tenestekjøp anbod.

Sak 15/2024 Reiselivsstrategi fase 3

Anne Aasmundtveit la fram saka.

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet rår kommunane til å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.

Vest-Telemarkrådet vedtek å løyve totalt inntil 1,5 mill kr til Reiselivsstrategi fase 3 i prosjektperioden under føresetnad av fullfinansiering av prosjektet og at prosjektleiar har kontor i same lokale som Vest-Telemarkrådet i Kviteseid.

Tjenestekjøp gjøres via kommunane si rammeavtale på reiselivstjenester-destinasjonstjenester saksnr. 22/16906 med Visit Telemark

Løyvinga vert å ta frå disposisjonsfondet.

Sak 16/2024 Uttale til Kvitsund Gymnas sin søknad om etablering av breiddeidrett
Regionsleiar Tarjei Draugedal la fram saka.

Vedtak: *Rapport frå regionsleiar vert tatt til orientering*

Sak 17/2024 Møte med telemarksbenken 28. mai 2024

Anne Aasmundtveit la fram saka.

Innspel i møtet:

- Tema om nitrogenrensing av Oslofjorden går ut.
- Statustilbakemelding om VA går.
- Momskompensasjon på bygging av bustader må vere ei sak på status og oppfølging.
- Kva har AU tenkt bak punkt 1-3 om moglege tema?
 - o Revidert budsjett
 - o Inntektssystemet
 - o NTP 2025-2036

Vedtak: *Vest-Telemarktinget vedtek saklista for møtet med telemarksbenken 28. mai 2024*

Sak 18/2024 Framlegg til årsmelding og årsrekneskap 2023

Anne Aasmundtveit la fram saka.

Vedtak: *Vest-Telemarktinget vedtek det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2023 under føresetnad av at revisor godkjenner rekneskapen.*

Sak 19/2024 Revidering av Vest-Telemarkrådet sine reglement;

- Delegeringsreglement
- Økonomireglement
- Innkjøpsreglement
- Ethiske retningslinjer

Innspel i møtet: Vara til AU må vere ein annan ordførar (ein av dei som står for tur som regionsleiar eller regionsnestleiar); og ikkje varaordføraren. Legge dette inn i reglementet.

Vedtak: *Vest-Telemarktinget vedtek reglementa slik dei ligg føre.*

Sak 20/24 Framlegg til sakliste for Vest-Telemarktinget 23.-24. april 2024
Anne Aasmundtveit la fram saka.

Innspel i møtet:

- Invitere Husbanken for å informere om heile verkemiddelapparatet sitt.
- Informasjon om Telemarksplanen vil vera relevant. Arrangere gruppearbeid/verkstad.
- NAV er kanskje ikkje så aktuelt og bør takast ut.
- Starte på ettermiddagen første dag i staden for å bruke ein heil arbeidsdag.
- AU må vere flinke til å formidle kva dei vil ha som program på tingmøtet.
- Status småbruks- og berekraftsprosjekt går ut.

Rådsmøtet konkluderte med at dag 1 skal det vera innspelsmøte om Telemarksplanen og dag 2 skal det vera orientering om Rask Psykisk Helsehjelp og verkstad bygdevekstavtale.

Vedtak: Administrasjonen utarbeidar revidert program og sakliste med innspel gitt i rådsmøtet.

Sak 21/2024 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt



Vest-Telemarkrådet

RAPPORTERING TIL FJELLANDBRUKSSATSINGA VED STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARKE 2020-2023 - SMÅBRUKSPROSJEKT / VEST-TELEMARKEKRÅDET (org.nr 975476588) – referanse 2021/3549, Agros 152 686

Vest-Telemarkrådet, i samarbeid med kommunane Fyresdal, Nissedal, Tokke, Vinje, Seljord, Kviteseid, Drangedal, Hjartdal og Tinn, mottok tilsegn på inntil **100.000,-** i tilskot frå Fjellandbrukssatsinga ved Statsforvalteren i Vestfold og Telemark til småbruksprosjektet i dei 9 kommunane i perioden 2021-2024.

Statsforvalteren har opplyst i e-post av 16. mars 2022 at godkjent totalkostnad avgrensa til 576 450 kr, dvs 17,3 % viss dei skal utbetale 100 000 kr. Rapporteringsfristen er 1.12.2024.

1. Grunnlag for prosjektet

Småbruksprosjektet er gjennomført i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark i tillegg til dei tre kommunane utanom Vest-Telemark: Drangedal, Hjartdal og Tinn.


Resultat av prosjektet så langt (tala er noko usikre):

- Om lag **80** personar er flytta til småbruk/gardsbruk i prosjektperioden.
- Dette utgjer ca **17 %** av dei vi kontakta.
- Prosjektet utløyste sal/utleige av om lag **56** småbruk/gardsbruk til og med desember 2023.
- Om lag **35** personar er flytta inn til regionen.
- Ca 165 personar/familiar har pr desember 2023 meldt si interesse for å kjøpe eller leige småbruk/gardsbruk. Dei melder si interesse via skjema som Vest-Telemarkrådet har på heimesida si og der kvar enkelt kan legge inn opplysningar som vi kan finne att i eit excelark.

Kommune (tal bruk eigarar/på lista):	Tal selde bruk	Tal pers. busette	Tal nye innflyttarar	Merknad
Drangedal (30)	7	7		Uvisst tal
Fyresdal (36)	8	12	6	
Hjartdal (33)	6	7	2	Frå England
Kviteseid (68)	5	10	3	
Nissedal (58)	5	4	4	
Seljord (52)	12	16	11	
Tinn (56)	3	4		Uvisst tal
Tokke (62)	7	14	9	
Vinje (75)	3	6		Uvisst tal
SUM (470)	56	80	35	

Det er **908** landbrukseigedomar **med bustadbygning utan fast busetting** i regionen. Dette omfattar eigedomar som har minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal (*Kjelde: SSB, 2022*).

For dei **seks** kommunane som er definert inn i *Fjellandbruksatsinga*, er det **557** landbrukseigedomar **med bustadbygning utan fast busetting**, ifg SSB. I området vårt er alle kommunane med **unntak** av Kviteseid, Nissedal og Drangedal definert som **fjellandbrukskommunar**, *Fjellområder og fjellkommuner i Sør-Norge, ØF-rapport 08/2010 Definisjon, avgrensning og karakterisering, [Microsoft Word - 082010 \(ostforsk.no\)](https://ostforsk.no)*.



Iflg. SSB er det i 2022 i gjennomsnitt på alle kommunane i regionen ca **29 %** landbrukseigedomar **med bustadbygning utan busetting**. Så det er eit stort potensiale for å kunne busette folk i regionen. Vi treng tilflyttarar og kompetanse til bygdene våre. Sjå tabellen nedanfor.

	Landbrukseigedomar med bustadbygning	Landbrukseigedomar med bustadbygning og busetting	Landbrukseigedomar med bustadbygning utan busetting (prosent)	Tal landbrukseigedomar med bustadbygning, men utan busetting
	2022	2022	2022	
3815 Drangedal (2020-2023)	476	317	33,4	159
3818 Tinn (2020-2023)	405	317	21,7	88
3819 Hjartdal (2020-2023)	328	254	22,6	74
3820 Seljord (2020-2023)	390	268	31,3	122
3821 Kviteseid (2020-2023)	370	265	28,4	105
3822 Nissedal (2020-2023)	212	125	41,0	87
3823 Fyresdal (2020-2023)	219	149	32,0	70
3824 Tokke (2020-2023)	323	226	30,0	97
3825 Vinje (2020-2023)	493	387	21,5	106
SUM	3216	2308		908

Kjelde: SSB, 2022.

2. Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet var å få flest mogleg av eigedomane over til eigarar/leigetakarar som bur der fast og som utnyttar potensialet som ligg i eigedomen.

I perioden 1999-2002 vart det gjennomført eit tilsvarande prosjekt; *Mange vil ha, men få vil selje* i dei same ni kommunane. Vi veit frå dette prosjektet at mange av dei som småbruk/gardsbruk, er ressurssterke personar som bidreg til auka aktivitet i mange bygdesamfunn, og som utviklar eigedomen basert på dei ressursane som er der. Auka busetting på gardsbruk som det ikkje bur folk på i dag, vil føre til at meir jordbruksareal som i dag ikkje er i bruk kjem i hevd på nytt. Dette vil òg vere verdifullt for Statsforvaltaren sitt prosjekt *Areal ute av drift*.

Prosjektet er eit positivt bidrag for å nå fleire av måla som ligg i føringane til Fjellandbrukssatsinga.

3. Målgruppa for prosjektet

Målgruppa var todelt:

- Eigarar av bruk med bustadbygning utan fast busetting.
- Folk som er interesserte i å kjøpe/leige denne typen eigedom og bu der fast.

I tillegg har prosjektet bidrege til positiv merksemd om attraktiviteten ved å bu i kommunane som er med i prosjektet.

4. Gjennomførte tiltak

Det har vore eit omfattande arbeid vi har gjennomført. Prosjektet har vore vellukka sjølv dette ikkje er nokon «quick fix». Vi har kontakta bortimot ca 470 eigarar av småbruk/gardsbruk.

Det er eit høgt tal eigedomar. Eigedomane er omfatta av ulike typar regelverk, og det er ofte knytt kjensler til eigedomane.

Etterspurnaden etter denne typen eigedomar er stor, suksesskriteriet er kor mange eigedomar vi fekk ut på sal eller for utleige. Det er ca 17 % av småbruka som er selde/leigde ut av dei 470 som vart kontakta.

Analysert aktuelle eigedomar: Ved hjelp av kartdata og lokalkunnskap utarbeidde vi lister over aktuelle landbrukseigedomar, med kontaktinfo over eigarar. Kontakten med landbrukskontora og med hjelp frå statsforvalteren, har vore avgjerande for at vi kunne gjennomføre dette prosjektet.

Utarbeiding av informasjonsmateriell og nettsider: Vi såg at det var viktig med målretta og presis informasjon både mot seljar og kjøpar. Når bruk kjem for sal, trengst det gode kanalar for å marknadsføre dette, og dette krev tett oppfølging og mykje kontorarbeid. Vi har hatt eiga side på www.vest-telemark.no via fana *gardsbruk*. Her kunne interesserte kjøparar/leigarar og eigarar legge att kontaktinformasjon og/eller ta kontakt med Vest-Telemarkrådet. Vi har også hatt god kontakt med meklarar som legg småbruk/gardsbruk ut på sal på finn.no og andre stader.

Kontakt med og oppfølging av eigarar: Vi sende ut brev med info om prosjektet og at eigedomene deira kunne vere ein draum for andre. Vi skreiv i brevet at vi tek kontakt på telefon for å informere meir og gjerne avtale eit fysisk møte. Deretter følgde vi opp med telefonar og e-postar. Det vart ikkje tid til så mange fysiske møte/synfaringar. Dette er noko vi burde ha gjort meir av. Vi gav råd til eigarar om moglegheitene, og korleis dei kan gå fram. Vi svarte ut spørsmål kring regelverk og formelle høve. Prosjektet ved Vest-Telemarkrådet har heile tida vore klar på at vi er medspelarar; ikkje meklar eller planutval.

Vi kontakta eigarane puljevis, med eit visst tal frå kvar kommune. Med dette hadde vi ei handterbar mengde eigedomar å følgje opp om gongen.

Kontakt med og oppfølging av interesserte (og tilflyttarar): På nettsida laga vi eit kontaktskjema. Vi brukte også sosiale medium aktivt for å nå ut til interesserte. Vi har halde oversikt over desse, informert dei om aktuelle bruk og *kopla* dei med eigarar. Informasjon og rådgjeving om regelverk, ulike (støtte)ordningar og korleis dei best kan utnytte moglegheitene som ligg i eigedomene, har også vore oppgåver i prosjektet.

Mediearbeid: Prosjektet har vektlagt aktivt mediearbeid for å marknadsføre prosjektet. Vi har fått fram gladsaker med vellykka sal/utleige for alle partar. Gjennom lokalaviser, regionaviser og landsdekkande aviser i tillegg til NRK, har vi gjennom desse åra fått mykje spalteplass.

Vi har orientert i politiske møte, og vi har delteke på eksterne møte og konferansar der vi har fortalt om prosjektet. Vi har også informert om prosjektet til andre regionar i landet og delteke på teams m.a. på Hardangerkonferansen 2023.

5. Framdriftsplanane

Planen var å tilsette ein prosjektleiar frå august 2021 og ha eit toårig hovudprosjekt fram til august 2023. Dette vart det ikkje noko av. Tilsette i Vest-Telemarkrådet saman med kommunane har drive prosjektet framover. Det har difor vore stor eigeninnsats med bruk av tilsette si arbeidstid. Det tek tid å ringe rundt, oppdatere informasjon om kvart bruk, arrangere diverse møte, treffe aktuelle eigarar på rett tid av døgnet (ettermiddagar/kveldar) og få oppdatert informasjon frå landbruksforvaltninga.

Koronaen gjorde at nokre av tiltaka i søknaden måtte utsetjast/endrast. Mellom anna blei kommunale informasjonsmøte lagt på is.

Erfaringane våre er at det er viktig å setje av nok ressursar til både å førebu prosjektet godt, og for gjennomføring av prosjektet slik at ein går fram på ein grundig og seriøs måte i møte med eigarar. Dette er heilt avgjerande for at ein skal kunne lukkast med denne typen prosjekt.

Det blei vedteke å ha ei forprosjekt/pilotfase med tre kommunar, Nissedal, Kviteseid og Tokke. Denne fasa var avgjerande for å utvikle prosjektet og lande metodikk og organisering. Desse kommunane gjekk i bresjen og testa på ein måte ut korleis ein skulle gå fram i dei andre kommunane.

Rekneskap (eks. mva):

	Budsjett	Rekneskap
INNTEKTER		
Frå Vest-Telemarkrådet	100 000,-	
Frå TUF (fekk utbetalt 2022, men berre 1/3 av tilskotet sidan ein då ikkje hadde nok utgifter/kostnader)	50 000,-	14 958,-
Frå Fjellandbrukssatsinga ved Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	100 000,-	100 000,-
		329 958,-
UTGIFTER		
Innkjøp av tenester – kontakt og intervju	30 000,-	52 179,-
Innkjøp av tenester – kartlegging eigedomar no	30 000,-	1 119,-
Workshop og prosjektskisse / metodikk	20 000,-	23 951,-
Informasjonsmateriell	10 000,-	11 587,-
Utvikling av nettressursar for registrering av eigedomar og interesse	30 000,-	11 948,-
Tilgongar og lisensar (estimerte kostnader årleg nettportal, div. lisensar, software, webserver, dropbox, heimesida, fakt.progr. mm)	20 000,-	50 000,-
Rekruttering av prosjektleiar	10 000,-	0
Eigeninnsats for rådet og for kommunane – møte, kontakt, tlf., organisering 480 kr pr t, ca 800 t + 500 t (dette er stipulert ut frå tal møte og timebruk + estimert eigeninnsats)		624 000,-
SUM		774 784,-

Den største delen av prosjektet, er eigeninnsats frå prosjektgruppa/kommunane og Vest-Telemarkrådet.

Midlane frå Fjellandbrukssatsinga har vore viktige for å avklare innretning og organisering av prosjektet, og utvikle metodikken for korleis ein skal leggje opp spesielt kontakten med eigarane av eigedomane, som er den kritiske faktoren i eit slikt prosjekt. Og det har vore viktig for å dekke noko av eigeninnsatsen i prosjektet. I tillegg fekk vi noko tilskot frå TUF (Telemark utviklingsfond). Dette var så tidleg i oppstarten at vi ikkje fekk ut dei løyvde 50.000 kr. Det vart avkorta til kr 14 958 med bakgrunn i utlegg og eigeninnsats så langt i sept. 2021.

6. Organisering/eigarskap

Prosjektet er organisert gjennom Vest-Telemarkrådet, i tett samarbeid med dei 9 kommunane.

Det vart sett ned ei administrativ prosjektgruppe bestående av ein frå kvar kommune og med utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet som prosjektleiar.

Kviteseid, 5. mars 2024

Med helsing

Torunn Raftevoid Rue
Utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet

Sak 23/2024 Reiselivsstrategi – fase 3

Alle kommunane i Vest-Telemark har vedteke Felles reiselivsstrategi-fase 2.

Med felles reiselivsstrategi på plass kunne ein gå vidare til fase 3 Frå ord til handling.

Vest-Telemarkrådet vedtok 19. mars 2024 følgjande:

1. Vest-Telemarkrådet rår kommunane til å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.
2. Vest-Telemarkrådet vedtek å løyve totalt inntil 1,5 mill kr til Reiselivsstrategi fase 3 i prosjektperioden under føresetnad av fullfinansiering av prosjektet og at prosjektleiar har kontor i same lokale som Vest-Telemarkrådet i Kviteseid.
Løyvinga vert å ta frå disposisjonsfondet.

Politisk sak om deltaking og medfinansiering har no vore til behandling i alle kommunane med slikt resultat:

Fyresdal kommunestyre:

PS 29/24 Reiselivsstrategi fase 3

Innstilling frå kommunedirektøren:

- 1) Fyresdal kommune vedtek å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.
- 2) Kostnadane for deltaking i det treårige prosjektet, frå 2024 til 2026, dekkast frå næringsfondet.

Behandling i Kommunestyret - 25.04.2024

Framlegg frå AP v/ Nils Kristian Moe:

Fyresdal kommune deltek ikkje i vidare arbeidet med Reiselivsstrategi fase 3.

9 røyster for AP sitt framlegg. 8 røyster for innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Kommunestyret - 25.04.2024

Fyresdal kommune deltek ikkje i vidare arbeidet med Reiselivsstrategi fase 3.

Kviteseid kommunestyre:

PS 27/24 Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033 - fase 3

Kommunestyret si handsaming av sak 27/2024 i møtet den 11.04.2024

Handsaming i Kommunestyret 11.04.2024

Solveig Nekstad Grave ba kommunestyret vurdere hennars habilititet pga. ho jobbar i ei stor reiselivsbedrift.

Kommunestyret vedtok samrøystes at ho var habil.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

Vedtak i Kommunestyret 11.04.2024

- 1) Kviteseid kommune vedtek å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.
- 2) Inndekning: Fritt næringsfond

Formannskapet i Nissedal:

PS 24/24 Deltaking felles reiselivsstrategi i Vest-Telemark

Saksprotokoll i Formannskapet - 18.04.2024

Behandling:

Votering: samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap vedtek å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.

Midlane løyvast frå næringsfondet.

Seljord kommunestyre:

Handsaming i Kommunestyret - 25.04.2024

Forslag frå Edvard Mæland (H):

Seljord kommune vedtek å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel 40% fast og 60% etter folketal. Seljord kommune sin del er på totalt kr 746.000 fordelt over tre år; kr 168.000 i 2024, kr 289.000 i 2025 og kr 289.000 i 2026.

Finansieringa vert dekt av disposisjonsfondet.

Forslaget frå Mæland (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 25.04.2024

Seljord kommune vedtek å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel 40% fast og 60% etter folketal. Seljord kommune sin del er på totalt kr 746.000 fordelt over tre år; kr 168.000 i 2024, kr 289.000 i 2025 og kr 289.000 i 2026. Finansieringa vert dekt av disposisjonsfondet.

Tokke kommunestyre:

PS 22/24 Finansiering av Reiselivstrategi fase 3 - Vest-Telemark

Kommunestyre si handsaming av sak 22/2024 i møtet den 25.04.2024

Røysting

Framlegg frå formannskap vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tokke kommune vedtar å delta i og å medfinansiere til Reiselivsstrategi fase 3 etter fordelingsnøkkel vist i saksutgreiinga.
2. Finansiering med inntil kr 630 000 i perioden 2024 - 2026:
2024 – kr 142 000 frå ramme til planområde 4.
2025 – kr 244 000 blir innarbeida i budsjettet for planområde 4.
2026 – kr 244 000 blir innarbeida i budsjett for planområde 4.

Vinje kommunestyre:

PS 64/24 Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2022-2033

Kommunestyret si handsaming av sak 64/2024 i møtet den 16.04.2024

Røysting

Framlegg frå Suhail Mushtaq (uavhengig):

Vinje kommune utreder kompensasjonsordning for grunneiere som stiller sin eiendom til disposisjon for reiselivsnæringen.

Røysting

Formannskapets framlegg blei samrøystes vedteke

Mushtaqs framlegg fall med 16 mot 9 røyster.

Vedtak

1. Vinje kommunestyre vedtek vedlagde Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033.
2. Vinje kommunestyre legg Reiselivsstrategien for Vest-Telemark 2023- 2033 til grunn som eit førande dokument for vidare arbeid med reiselivsutvikling i regionen og kommunen.

Då Fyresdal kommunestyre har vedteke å ikkje delta i Reiselivsstrategi fase 3 og rådet vedtok at det er ein føresetnad frå rådet at alle kommunane er med, så er konsekvensen at arbeidet med fase 3 vert avslutta i den form som den var planlagt.

Konsekvensar av å ikkje gjennomføre fase 3:

- Resertifisering av Berekraftig reisemål vil kunne bli vanskeleg. Ein må vise til konkret gjennomføring av tiltak.
- Usikkert om ein kan søkje om tilskot gjennom fellesgode for reiselivet, jf NOU: Leve og oppleve.
- Generelt utfordrande å skaffe ekstern finansiering til fellestiltak.
- Kampanjar i skuldresesongen må kommunane ta ansvar for sjølve.
- Den heilskaplege konkurransekrafta vert svekka.

Ein alternativ veg å gå for å gjennomføre fase 3 – frå ord til handling, er at Vest-Telemarkrådet tar ansvar for felles handlingsplan og dei kommunane som ynskjer, tar ansvar for sin eigen handlingsplan.

Dersom dette kan vera ei mogleg løysing, vil det bli utarbeidd sak til rådsmøtet 27. august der det blir gjort nærare greie for organisering, forankring, medverknad, tidsramme, finansiering m.m.

Framlegg til vedtak: Det blir lagt fram alternativ prosess for gjennomføring av fase 3 i rådsmøtet 27. august 2024

Sak 24/2024 Kontrollbesøk for merkeordninga Berekraftig reisemål

Det blir kontrollbesøk for merkeordninga Berekraftig reisemål i slutten av august. Kontrolløren skal vera tre dagar i Vest-Telemark og skal besøke alle kommunane. Kontrolløren heiter Anne Dorte Carlson og kjem i frå Occasio Consulting AS. Kontrolløren skal snakke med kommunane, destinasjonsselskap, næringsaktørar, frivillige og andre involverte i merkeordninga Berekraftig reisemål.

Kontrollbesøk på reisemålet er ein obligatorisk del av godkjenninga for merking eller remerking som Berekraftig reisemål. Formålet med besøket er å kvalitetssikre at reisemålet i så stor grad som mogleg står samla om arbeidet med å bli eit meir Berekraftig reisemål. Kommunane og destinasjonsselskapet er dei formelle mottakarane av Merket, og dermed dei aktørane det vert stilt høgast krav til ift. kontrollørs verifisering og kvalitetssikring.

Frå kommunane er det ynskjeleg at ordførar og kommunedirektør og ev. andre fagansvarlege møter, difor vil eit rådsmøte vera ein godt eigna arena for eit kontrollbesøk. Det er naturleg at næringsansvarlege/reiselivsansvarlege i kommunane vert invitert til dette.

Alle må vera førebudde på å svare ut kontrollør. Det vil i forkant av rådsmøtet i august bli sendt ut program og relevant informasjon om berekraftarbeidet.

Skissert opplegg:

- Presentasjon av Vest-Telemark som eit reisemål og kommunane i eit berekraftperspektiv ved administrasjonen i Vest-Telemarkrådet (20-25 min)
- Felles spørsmålsrunde/dialog (15-20 min)
- Den enkelte kommune spørsmålsrunde/dialog (5-10 min per kommune)

Total tidsbruk vil vera om lag 1,5 time.

Kostnader ved dette kontrollbesøket vert dekt av prosjektet.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer felles opplegg for kontrollbesøk i rådsmøtet 27. august 2024.

Sak 25/2024 Evaluering av Vest-Telemarktinget 23. - 24. april 2024

Frammøte

Vest-Telemarktinget vart gjennomført som ei to dagars lunsj-til-lunsjsamling på Morgedal Hotel.

Etter samarbeidsavtala for Vest-Telemark interkommunale politiske råd er det formannskapa som utgjer tinget (representantskapa) – totalt 38 representantar. Kommunedirektørane har møte- og talerett.

På dag 1, då ordinære tingsaker vart handsama, møtte 31 representantar.

Det var 12 forfall frå faste medlemmar. 5 vara møtte (to 1.vara og tre 2.vara). 19 faste medlemmar, dvs 50 % oppmøte av faste medlemmar. Alle varamedlemmar vart kontakta med førespurnad om deltaking.

På dag 2 møtte 28 medlemmar.

På begge dagar møtte kommunedirektørar og adm. representantar frå rådet. Fylkeskommunale representantar møtte dag 1.

Totalprisen for opphald og servering på hotellet kom på i underkant av 130.000,-.

Fleire rom vart kansellert kort tid i forvegen. Dei må betalast for. Det vart bestilt servering til mange fleire enn dei som deltok på lunsj og/eller middag. No-shows og seine avbestillingar har ein prislapp på omlag 25.000-30.000,-.

Innhald

Innhaldet verka til å bli tatt godt imot.

- Ordinære tingsaker må ein handsame, og vart gjort så kortfatta som råd.
- Det har vore gode tilbakemeldingar på verkstaden, at den fungerte bra. Politisk medverknad er viktig i arbeidet med Bygdevekstavtala. Resultata av verkstaden er og viktige for det vidare arbeidet.
- Det var fire gode presentasjonar:
 - o Telemarksplanen ved Jarand Felland
 - o Barnevernstenesta ved Gunn Annie Hellestad
 - o Rask psykisk helsehjelp ved Eva Margrethe Ellingsen
 - o NAV ved Gerd Kari Skaalen

Mange medlemmar frå fleire kommunar uttrykte at tingmøtet var ei god og nyttig oppleving der dei vart kjent med andre lokale politikarar. Dei opplevde fellesskap på tvers av kommunegrensar.

Innspel frå rådet

1. Det er ynskjeleg med tilbakemelding frå rådet om korleis rådet vurderer tingmøtet.
2. Kva tenker rådet om vegen vidare?

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet ber AU ta med innspela i rådsmøtet med seg vidare i planlegginga av dei neste tingmøta.

Sak 26/2024 Møte med benken

Det er avtalt med leiar av stortingsbenken i Telemark, Lene Vågslid, om møte med benken kl. 16.00-18.00.

Vest-Telemarkrådet drøfta i rådsmøtet av 19. mars 2024 kva for tema som kunne vera aktuelle å ta opp med benken. Vest-Telemarktinget vart og lagt fram saka til drøfting i sitt møte 23. april 2024.

Opplegget er bygd på tidlegare praksis der møtet med benken vert delt inn i tre bolkar:

- 1) Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark ved ordførarane (3 minutt kvar)
- 2) Tilbakemelding frå benken om saker på møtet 14. november 2024
- 3) Aktuelle tema

1) Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark ved ordførarane (3 minutt kvar)

2) Tilbakemelding frå møtet med telemarksbenken 14. november 2024:

Vest-Telemarkrådet ber om status på følgjande:

- **Barnevernsreformen.** Innretninga på barnevernsreformen er feil og tilbakemeldinga frå benken i møtet var at dette må bli endra då reformen slår skeivt ut for dei små kommunane.
- **Ressurskrevjande brukarar** er krevjande for kommunane. Ei tilskotsordning vart nemnd som ei mogleg løysing.
- **Etterslep på vatn og avløp.** Det er stort etterslep på VA og det er viktig at EU-vilkår vert tilpassa norske vilkår. Det må kome insentiv frå staten.
- **Bustadproblematikk:** Husbanken bør bli styrka. Betre lånevilkår for distriktskommunar.
- **Fylkesveggar** – rådet oppmoda om å styrke desse enn å starte nye prosjekt. Telemark består nesten bare av fylkesveggar.
- **Utviklinga av partnarskapet i NAV.** Statleg styring og kommunale konsekvensar . Notat frå rådet vart ettersendt til leiar av benken. Sjå vedlagte notat.

I notatet vart det stilt to spørsmål til benken:

- *Rådet lurar på kva benken kjenner til om dette, og kva dei kan gjere med dette temaet.*
- *Rådet lurar også på kvifor Stortinget ikkje løfter heile modellen og gjer NAV anten kommunalt eller statleg.*

- Tema

1. NTP 2025-2036 ved Solveig Sundbø Abrahamsen
2. Kraft og sol ved Ian Parry-Jones

Vedlegg til sak 26 - Møte med benken

Til telemarksbenken ved Lene Vågslid

Endringar i statleg del av NAV - Konsekvensar for kommunane

- **Staten gevinstrealiserer ved å nedbemanne.**
 - Gevinstrealisering på auka kvalitet i oppfølgingsarbeidet er ikkje ein del av det.
- **Dei lokale kontora får mindre statlege ressursar og må nedbemanne.**
 - Dette tilsvarar ca 3 årsverk i NAV Vest-Telemark i ein treårsperiode.
 - Dette vert gjort i ei tid der sosialhjelp veks, og talet på flyktningar aukar. Det vil seie at presset på dei kommunale tenestene i NAV aukar samstundes som dei statlege tenestene vert nedbemanna.
- **Introduksjonsprogrammet for at ukrainarar skal bli meir arbeidsretta, er på høyring no.**
 - Dette er positivt, men krev auka statlege ressursar i NAV-kontora.
- **Auka statlege ressursar i NAV-kontora**
 - Rådmannsutvalet har tatt dette opp med fylkesdirektøren i NAV. Han seier at partnerskapet i fellesskap er løysinga for å møte utfordringane, og at han må forhalde seg til føringane og rammene frå direktoratet. Rådmannsutvalet er samd i at partnerskapet må vera med i løysinga.
 - Men når den eine parten i eit partnerskap reduserer sin ressursbruk, så blir kostnadene velta over på den andre part. Driftsmodellen er slik at kvar part betaler for sine årsverk inn, og at andre driftskostnader (som husleige, straum osv) vert fordelt etter talet på tilsette. Dvs at når ein part reduserer talet på tilsette blir også andre driftskostnader redusert eller dei blir overført til den andre parten (kommunen) utan involvering.
- **Kommunane si involvering**
 - I partnerskapet NAV vert kommunane i liten grad involvert når direktoratet jobbar.
 - Prinsippet i eit partnerskap må vera at ein er likeverdige partnerar.
 - Staten digitaliserer sine tenester, det er bra og nødvendig, men når konsekvensane av digitaliseringa vert overført til ein annan part bør kommunen vera med. I digitaliseringsprosessen som foregår no, er kommunane ikkje involvert og heller ikkje KS ut ifrå kva vi har klart å sjekke ut i Vestfold og Telemark.
- **Moglege konsekvensar**
 - Konsekvensen for kommunane er at dei eventuelt må kutte i årsverk for å klare å betale auka driftsutgifter, samtidig som behova aukar.
 - Andre løysingar er å bryte med partnerskapsmodellen og sikre at alle kommunalt tilsette bare jobbar med kommunale oppgåver. I dag går dette på tvers. Det er ein del kommunar som innfører tiltak for å sikre seg at dette ikkje veks ved å gjennomføre slike tiltak.

Vi lurar på kva Stortingbenken kjenner til om dette, og kva dei kan gjere med dette temaet.

Vi lurar også på kvifor Stortinget ikkje løfter heile modellen og gjer NAV anten kommunalt eller statleg.

*På vegne av Vest-Telemarkrådet
Kviteseid, 20. desember 2023*